



«Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø»

Hafslo, 04.02.2026

Møtereferat FAU ved Hafslo barne- og ungdomsskule

Tysdag 03.02.2026 kl.19:30 – 21:30

Til stades:

FAU-rep: Eirik Hoem, Tonje Været, Ine Jeanett Skjerven, Linda M. Hagelin, Benedikte Fløtra Grøteig, Siri Holen Lomheim
Hilde Selland (Rektor)

Forfall: Bjarni Valsson, Tomas Kjølraug, Tommy Stein og Dan Yngve Høyheim

SAKSLISTE

21-2025/26	Godkjenning av referat frå sist møte (11.11.2025)
22-2025/26	Skriv, orienteringar, oppfølging av tidlegare saker og diverse info <ul style="list-style-type: none">• Status saker frå sist FAU møte:<ul style="list-style-type: none">- 05-2025/26 <i>Sykkelparkering</i> (status ukjent pga forfall i møte)- 07-2025/26 <i>Trafikkampanjetrafikkampanje</i> (sjå sak 23)- 12-2025/26 <i>Ungdomsklubben – 8-10.trinn</i> - opnar 04.02.26. Ungdomsklubben vil også bli nytta av skulen på dagtid framover.• Trafikksituasjonen og skulevegen i Hafslo sentrum. FAU leiar orienterte i frå dialogmøte 3. desember med kommuneleiinga om trafikktilhøva. <i>Eirik etterspør møtereferat frå kommunen som var referent.</i>• Brev frå SU HBUS til kommunen om trafikksituasjonen i sentrum. Status: SU har enno ikkje fått noko formelt svar på brevet frå kommunen.• Søknad om trafikktryggingmidlar sendt 3. des til fylkeskommunen (lagt ved innkallinga)• Referat SU-møte 15.10.2025 (lagt ved innkallinga)• Nyheitsbrev frå barnevakten.no
17-2025/26	Revidere årshjulet til FAU Gjennomgang av revidert årshjulet, og godkjent. Blir lagt ut på FAU sine heimesider.
20-2025/26	Aktivitetar og arbeid i FAU 2025/2026 FAU ønsker å arrangere nytt foredrag. Tek opp igjen tråden i neste møte, men ynskjer å gjennomføra dette hausten 26 eller mars/april 27.

23-2025/26	<p>Trafikktryggingssaktivitetar - arrangement FAU har søkt om støtte frå fylkeskommunen til sykkelverkstad og refleksaksjon og har fått tildelt støtte til begge to. Skulen har også søkt og fått støtte frå Fylkeskommunen.</p> <p>Sykkelkampanje/sykkelverkstad? April/mai 2026 (ansvarleg nn) - kontroll av sykklar mm.</p> <p>Reflekskampanje hausten 2026 (ansvarleg nn)</p> <p>Ansvarlege blir valt i neste møte (24.mars)</p>
24-2025/26	<p>Nye nasjonale råd for skjermbruk Diskusjon-/orienteringssak https://www.helsedirektoratet.no/faglige-rad/skjembruk-blant-barn-unge-og-foresatte</p> <p>Skjermbruk i matpausen på småskulen blir tatt direkte med Teamleiar.</p>
25-2025/25	<p>Fast sak - status på foreldrenettverksmøter og sosialkveldar</p>
26-2025/26	<p>Forslag retningslinjer/anbefalingar for bruk av midlar som står att på klassekontoar etter 10. trinn På sist møte bestemte me å ha ein anbefaling frå FAU.</p> <p>Utkast skal utarbeidast og tas opp med 7-10.trinn før neste møte i mars.</p> <p>(Tidlegare gjekk 5% av overskotet etter 17.mai til FAU for innkjøp av blant anna nye kaffitraktere, kaffikanner mm. Dette er treke vekk i handboka.)</p>
27-2025/26	<p>Elevundersøking 2025 - v. rektor Høg svarprosent på over 90%. Undersøkinga er for 7-10 trinn, og er anonym. Det som er urovekkande i år er at det for 9.trinn er svært høg prosentdel er utsett for mobbing. Historiske tal viser at 9.trinn ved skulen ofte scorar dårlegare enn dei andre trinna, utan at skulen har heilt funne årsaka til dette. Dette gjeld vist også for Luster ungdomsskulen. Skulen jobbar aktivt med mobbing og trivsels i sit daglege virke. Etter kvar elevundersøkingar gjennomføre dei ei ny kartlegging, som ikkje er anonym, der det blir retta meir direkte spørsmål til elevgruppene. Etter denne jobbar skulen aktivt med enkelte elevgrupper, enkelt elevar og oppfølging med foreldre.</p> <p>Med tanke på skule–heim samarbeidet er det komme fram i ny kartlegging at elevane saknar meir sosialkveldar i lag med foreldre på ungdomsskulen. Dette meiner elevar og skulen styrkar skule-heim samarbeidet og skapar trygghet.</p> <p>Skulen har også søkt Statsforvaltaren om å bli med på Læringsmiljøprosjekt der deltakarane får vera med på «inkluderande barnehage- og skulemiljø». Dette er eit langsiktig utviklingsarbeid for å styrka personalets kompetanse i å skapa eit positivt læringsmiljø.</p>
28-2025/26	<p>Høyring utviding av 3. t. mellomtrinn - v. Rektor Rektor orientert om høyringsutkastet.</p> <p>Lite utdrag av høyringsutkastet: Mål med endringa: Ved å ha 10 minutt ekstra undervisning kvar dag, samlar elevar opp rett til "avspasering". Dette utgjer 6 elevfrie dagar i løpet av eit skuleår. Desse avspaseringsdagane blir nytta som ekstra planleggingsdagar for pedagogane. I Luster kommune har begge ungdomsskulane denne løysinga, i tillegg til 1.-7. trinn ved Indre Hafslo oppvekstsenter.</p>

	<p><i>Mange pedagogar jobbar både på mellomtrinn og ungdomstrinn, som utdanna frå grunnskulelærarutdanninga for 5.-10. trinn. Ei større samkøyring av mellom- og ungdomstrinn vil difor vera hensiktsmessig for oss. Pedagogane får då høve til å ha meir samarbeidstid om faga sine og overgangen frå mellomtrinn til ungdomstrinn. Skulen vil gjerne få inn eventuelle innvendingar frå FAU og SU for å ta ei endeleg avgjer.</i></p> <p>Høyringsutkastet blir sendt ut til 4-6.trinn. Ynskjer innspel til neste SU møte.</p>
29-2025/26	<p>Orienteringssaker - v. rektor</p> <p><u>Dysleksivennleg skule</u> Sidan sist er skulen blitt ein dysleksivennleg skule. «Ein dysleksivennleg skule er ein utdanningsinstitusjon som aktivt arbeider for eit inkluderande læringsmiljø, der lese- og skrivevanskar tidleg blir oppdaga og møtt med kunnskap og gode tiltak. Skulen brukar systematisk kartlegging, digitale hjelpemiddel (IKT) og tilpassa opplæring for å gi elevane meistringsskjensle.»</p> <p><u>Lustrabadet skal rehabiliterast etter påske</u> Lustrabadet skal stengast etter påske for rehabilitering og skulesvømminga blir derfor redusert. Skulen har gjort tilpassingar for dette fram mot påske.</p> <p><u>Skulefotografering</u> Det har vært vanøeg å ha skulefotografering i 1, 7 og 10.trinn. Pga av personvern må det etablerast lister og/elelr samtykke skjema i forbindelse med dette. Skulen ønsker å sende ut høyring til foreldre om det er ønskeleg å forsette med skulefotografering i desse trinna eller om det er nokon trinn som kan kuttast ut.</p> <p><u>Foreldremøter våren 2026</u> Ungdomsskulen kjem til å ha foreldre med politiet. Politiet vil på dagtid, før foreldremøtet, ha eit opplegg med elevane.</p> <p>Mellomtrinnet skal ha foreldremøte der dei har invitert Mobbeombodet.</p> <p>Småskulen skal ha foreldremøte der PPT deltek og held foredraget som blei avlyst i haust.</p> <p><u>Teamkveld med Helsesista</u> Helsesista kjem til Sogndal for å halda foredrag den 10.mars. Alle 10 klassingar blir invitert til Sogndal kulturhus den 11.mars for eiga foredrag. Meir informasjon kjem på Visma.</p>
30-2025/26	<p>Hjartesone – moglege tiltak</p> <p>Siri har henta inn prisar på ulike trafikksikringstiltak.</p> <p>Siri og Eirik ynskjer å kalla kommunen til ei befarng der ein ser på trafikksituasjonen i Hjartesona, ved levering/henting situasjon. Samt presentere dei trafikksikringstiltaka ein har sett på.</p> <p>Ut i frå fylkeskommunen sine sider ser det ut til at FAU ikkje kan søke om midlar til direkte trafikksikringstiltak, kun til trafiktryggingaktivitetar (sak 31), dette må skje via kommunen.</p> <p>Tilskot til fysiske trafiktryggingstiltak - Vestland fylkeskommune</p>

31-2025/26	<p>Handlingsplan trafikktrygging Høringsfrist 27.02.26. https://www.luster.kommune.no/innsyn-postliste-og-mote/hoeringar/#/details/h-62691e69_53ff_417f_8659_4cdd86fd402e-1100019491!S3qsqi</p> <p>FAU Gamlestova har spurt om samarbeid om felles høringsinnspel.</p> <p>Eirik, Ine og Siri utarbeider forslag til høyring, basert på innspel frå FAU/foreldre.</p>
------------	---

Referent
Siri Holen Lomheim